

## Styremøte 27.02.24

Til stades: Jomar, Marit, Sigurd, Lars Petter og Judith

### Sak 1: Førebuing til årsmøte

Årsmelding frå dei fleste gruppene er levert, Jomar hentar inn og gjer klart det som manglar. Styret møter 5.mars kl 18 på Førde Pensjonat for å gjere klart til møte. Jomar er møteleiar, Judith skriv referat.

Det blir bestilt pizza og brus til ca 20 personar.

Lars Petter lagar til fotoframsying.

Vanlege årsmøtesaker.

Styret diskuterte og kom med forslag i nokre av sakene som skal opp på årsmøtet.

- **Medlemskontingent:** forslag om same kontingent som tidlegare.
- **Budsjett:** Sigurd har laga opplegg for kajakkskule til sommaren. Ønskje om økonomisk støtte frå klubben. Dette blir lagt inn i budsjettet, og det blir jobba vidare med opplegget fram mot sommaren.

Innkomne saker:

- **Støtte til aktivitetsleiarkurs.** Forslag om 1000 kr i støtte pr deltakar.
- **Investeringar:** ønskje om innspel frå medlemmene til kjøp av utstyr, dvs kva klubben skal kjøpe inn. Ønskje om kurs?

Jomar sender ut sakliste i dag og opplyser også om at det er ønskje om påmelding.

### Sak 2: Kurs/aktivitetar

Det blir aktivitetsleiarkurs på Askrova i april. Instruktør: Kjetil Høydal.

Teknikk-kurs: september

Lars Petter leiger naustet 15. mai til gym for skuleklassen sin.